



Arkivsaksnr.:
2022/8830

Dokumentdato:
14.06.2022

Styre:
Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak:
28/22

Møtedato:
21.06.2022

Studieporteføljen ved Det humanistiske fakultet

Dokument i saka

- Studieporteføljen ved Det humanistiske fakultet, UiB - posisjonsnotat

Fakultetsleiinga sitt notat om studieporteføljen ved HF, UiB, blir med dette lagt fram for fakultetsstyret for handsaming.

Forslag til vedtak:

Med bakgrunn i posisjonsnotatet og dei innspela som kom i møtet får dekanen fullmakt til å utforma eit meir detaljert mandat for forprosjektet og å setja saman ei forprosjektgruppe. Resultata frå forprosjektet vil bli lagt fram for fakultetsstyret.

Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

STUDIEPORTEFØLJEN VED DET HUMANISTISKE FAKULTET, UiB

Posisjonsnotat

Utgangspunktet

Ved eit breiddeuniversitet som Universitetet i Bergen har studieprogram som vert tilbydde av Det humanistiske fakultet ein sjølvstøtt plass. HF har mange populære studieprogram, men òg fleire mindre program som ikkje har det same rekrutteringsgrunnlaget. Studieporteføljen ved HF er brei og samansett, og i sum representerer han eit viktig tilskot til UiB sitt samfunnsoppdrag. *Variasjon* og *breidde* er såleis eit kjenneteikn ved studieporteføljen til HF, og dette må òg vera utgangspunktet for vidare diskusjonar om kva innretning studietilbodet skal ha.

Det breie og samansette studietilbodet ved HF har ein refleks i ein samansett studentpopulasjon. Dei aller fleste studentane er programstudentar, anten på eitt av BA- eller MA-programma eller ved eitt av dei tre integrerte lektorprogramma ved fakultetet. På same tid har HF ein relativt stor populasjon av studentar som ikkje planlegg å ta ein grad ved fakultetet. Desse følgjer i regelen eitt av årsstudia – på fag der slike vert tilbydde – men det er òg studentar som av ulike grunnar følgjer enkeltemne ved fakultet. Desse kan vera studentar ved andre fakultet, det kan vera studentar som vil styrkja kompetansen sin som arbeidstakarar eller det kan vera studentar som tek HF-emne av andre grunnar. HF er òg relativt stor på EVU, og her er særskilt lærarar ei viktig målgruppe. HF tilbyr likeins ei rekkje norskkurs for utanlandske statsborgarar som skal tileigna seg kompetanse i norsk. Endeleg har HF ansvar for examen philosophicum, der fakultetet sørvar dei andre fakulteta ved UiB.

Ved HF er det 697 studieplassar på BA-programma, 218 studieplassar på årsstudia og 185 studieplassar på master. I tillegg er det 134 plassar på den integrerte lektorutdanninga. Studentgjennomstrøyming og fråfall frå studieprogramma ved fakultetet er eit tema som ofte vert diskutert og problematisert. Programstudentane ved HF har dei lågaste gjennomføringstala internt på UiB. Fakultetsleiinga er opptatt av å nyansera dette biletet i alle samanhengar der det er relevant: Summariske oversyn over fråfall og gjennomstrøyming ved UiB tek ikkje alltid høgde for den samansette studentpopulasjonen ved HF. Det er òg eit moment at fråfallet på lektorprogramma har minka dei siste åra. Men det er likevel ikkje tvil om at fakultetet må jobba for å auka gjennomstrøyming og redusera fråfall på studieprogramma.

Dei siste åra har HF stort sett fylt opp studieplassane sine. Det er vanlegvis høgt fråfall i det første studieåret. UiB har operert med starten på 2. semester som innslagspunkt for å vurdera om fakulteta når målalet. På HF er det normalt sett store skilnadar i talet på søkjarar mellom program. For å nå målalet samla sett, har ein difor overbooka på dei meste populære studieprogramma.

Det er svært viktig at HF klarar å fylla studieplassane sine, av fleire årsaker. Dette er ikkje minst viktig økonomisk. Mange studentar er ein føresetnad for at fakultetet skal oppnå

resultatmidlar gjennom studiepoeng- og kandidatproduksjon. Resultatmidlane, og særskilt studiepoengproduksjonen, er det som i første rekkje gjev fakultet eit økonomisk handlingsrom. Talet på studieplassar har likeins direkte innverknad på kor stor del HF får av grunnløyvinga som UiB mottek frå Kunnskapsdepartementet. For å oppretthalda omfanget på studieplassar, er det avgjerande at fakultetet klarar å fylla desse plassane over tid. Å fylla studieplassane er slik òg viktig universitetspolitisk. Djupast sett handlar dette om korleis HF vert sett utanfrå. Søkjartala, studenttalet og gjennomstrøymingstala på dei ulike studieprogramma vert eit mål for HF – og humaniora – si attraksjonskraft. På same vis vert søkjartal og gjennomstrøymingstal lett omsett til mål for korleis det står til med studiekvaliteten ved fakultetet sine studieprogram.

Utviklingsbiletet

Tilstanden til humaniora har vore eit tema i offentlegheita både i Noreg og internasjonalt dei siste tiåra. Gjennom Humaniorameldinga (Meld. St. 25 (2016 – 2017)) vart humaniora i Noreg sin tilstand utgreia og handsama politisk. Meldinga trakk fram ei rekkje tilhøve og peikte på fleire tiltak for å styrkja og vidareutvikla dei humanistiske utdanningane: utvikla tilbod for særskilt motiverte og talentfulle studentar, å arbeida for å synleggjera arbeidsrelevansen i humanistiske utdanningar, å i større grad tilpassa studieporteføljen til nye krav i arbeidslivet, å styrkja rekrutteringa til små språkfag, å etablera ei nasjonal arbeidsdeling for å sikra tilbod i utsette språkfag og å styrkja dei humanistiske faga si rolle i lærar- og lektorutdanningane.

Det låg i stor mon på institusjonane sjølv å gjennomføra dei ulike tiltaka som vart løfta fram i meldinga. Vel eit halvt desennium seinare er det òg først og fremst på institusjonsnivået ein kan observera dei mest konkrete resultatane. På HF i Bergen har vi til dømes styrkt satsinga på lektorutdanning, både ved å omprioritera studieplassar internt og ved å oppretta eit nytt lektorprogram i historie og religion. På same tid har ein halde opp ein relativt stor PPU-portefølje. Ei anna satsing i Bergen er det nye tverrfakultære masterprogrammet i berekraft som tok opp studentar første gong i 2021. Dette programmet er eigd av HF, og dømt ut frå søkjartal er det svært etterspurt blant studentane. På Universitetet i Oslo er det etablert eit tverrfakultært «honorsprogram» og eit PPE-program. Både desse har svært høge søkjartal. Andre – og tverrinstitusjonelle – tiltak, som å etablera nasjonal arbeidsdeling for å sikra tilbod i utsette språkfag, har på si side ikkje vorte realisert. Når det gjeld dei små språkfaga, er det først og fremst på emnenivået ein kan seiast å ha styrkja rekrutteringa. På studieprogramnivået er rekrutteringa til små språkfag som fransk, tysk, russisk og italiensk låg, både i Bergen og ved andre institusjonar.

Sjølv om Humaniorameldinga tok føre seg dei humanistiske faga særskilt, må fleire av dei tiltaka som vart føreslåtte sjåast i samanheng med andre politiske grunnlagsdokument frå same periode. Den såkalla Kvalitetsmeldinga frå 2016 (Meld. St. 16 (2016–2017)). Kultur for kvalitet i høgere utdanning) er særskilt sentral. Denne meldinga lanserte fleire av dei tiltaka som òg er introduserte ved UiB og HF dei seinare åra. Dette gjeld først og fremst det nye studiekvalitetssystemet, som mellom anna legg opp til faste syklusar med studieprogramevaluering, og som på éin og same gang er meint å ivareta både ein tilsyns- og kvalitetsutviklingsfunksjon. Meldinga lanserte vidare ei ordning med meritterte undervisarar, som vi har hatt ved HF sidan 2019. Meldinga la i det heile stor vekt på å oppgradera både

kvaliteten på og statusen til undervisninga i høgare utdanning. Meldinga lanserte til dømes prinsippet om at pedagogiske kvalifikasjonar vert sterkare vektlagd i vurdering av kompetansen til fagleg tilsette. Meldinga slo òg fast at institusjonane må gjennomgå studieprogramma sine mellom anna for å sikra god samanheng mellom «læringsutbyttebeskrivelser og undervisnings- og læringsaktiviteter», i tråd med føresegnene i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

Berekraft er eit anna omgrep som er sentralt i kvalitetsmeldinga. Utdanning skal vera eit verkemiddel for å nå FN sine berekraftsmål. Her er målet at studentane utviklar ferdigheiter og haldningar som gjer dei i stand til å bidra til berekraftig utvikling og sjå seg sjølve som globale medborgarar.

Eit sentralt mål i kvalitetsmeldinga er òg at undervisninga i høgare utdanning må rusta studentane betre for arbeidslivet i framtida. Dette skal skje gjennom sjølve måten det vert undervist på, ved at studentane skal setjast i stand til å løysa komplekse problem ved hjelp av eit heilt sett av ferdigheiter. Slike ferdigheiter vert gjerne refererte til som generiske, og omfattar sosiale og emosjonelle eigenskapar, sjølvrefleksjon, kommunikasjons- og samarbeidsevner, kritisk tenking og samfunnsmedvit. *Studentaktive læringsformer* vert ofte løfta fram som nøkkelen til at studentane tileignar seg slike ferdigheiter.

Kvalitetsmeldinga frå 2016 er eit uttrykk for nasjonale politiske mål for utdanningspolitikken. Slike mål kan skifta, avhengig av politiske fleirtalskonstellasjonar. På same tid reflekterer meldinga korleis norsk høgare utdanning inngår i tankesett, verdimønstra og diskursar slik desse vert mellom anna vert målborne av internasjonale organisasjonar som FN, Europarådet og OECD. Den høgare utdanningspolitikken reflekterer slik sett på éin og same gang tradisjonelle mål knytt til demokrati og danning, men òg – i sterkare grad – at utdanning er eit middel for å betra statane si internasjonale konkurransekraft. I mykje utdanningshistorisk forskning frå dei seinare åra vert det såleis hevda at det i dag er *konkurransesstaten* heller enn *nasjonalstaten* som dannar ramma for utdanningssystema si utvikling.

Situasjonsbiletet på HF

Kva bør utviklingsbiletet som er utmeisla her ha å seia for korleis vi forvaltar studieprogramporteføljen ved Det humanistiske fakultet, UiB?

For det første må vi slå fast at det ikkje berre er ved UiB ein diskuterer innretninga på dei humanistiske utdanningane. NTNU har nyleg gjennomført prosjektet «Fremtidens HUMSAM-studier». I rapporten, som prosjektet så langt har resultert i, kjem ein med ei rekkje tilrådingar for korleis humaniora kan inngå i ein fornya studieprogramportefølje i framtida (<https://www.ntnu.no/fremtidenshumsam>). Likeins var temaet «Fremtidens humaniorastudier» nyleg tema på eit møte i UHR-Humaniora, som samlar alle norske institusjonar med humanistiske studietilbod. Eit bakgrunnstepp for drøftinga her var naturleg nok utsiktene til dårlegare økonomiske vilkår i UH-sektoren, samt svakare studentrekruttering dei komande åra. Likevel er desse diskusjonane ramma inn av ei erkjenning av at humaniora står ved eit slags vegskilje der problemstillingane ikkje berre handlar om økonomiske framtidsutsikter. Som det kjem fram i introduksjonskapittelet til den Fritt Ord-finansierte rapporten «Hva skal vi med humaniora» er humaniora si historie full av kriser

(<https://frittord.no/attachments/4f6faac00675c7de72746a920f18885238244ce7/181-20200505133803520868.pdf>). Men diskusjonane om dei humanistiske studietilboda i den dagsaktuelle situasjonen er like mykje prega av ei forståing av dette handlar mest om at vi har vanskar med å tilby studiar som tydeleggjer og synleggjer korleis humaniora har ei sjølvstøtt rolle i å løysa store utfordringar i samtida.

Som humanistisk fakultet kan vi seiest å stå i spennet mellom eit tradisjonelt samfunnsoppdrag og nye utviklingstrekk på eit særskilt vis. Opphavet til humaniora var å studera og forvalta den klassiske kulturen. Som disiplinær vaks dei humanistiske faga fram i tett samband med nasjonsbyggingsprosessane i Europa på 1800-talet. I Humaniorameldinga vert det hevda at dette er eit samband som har prega humaniora sin identitet fram til i dag (Meld. St. 25 (2016 – 2017)). Her må det skytast inn at nettopp humaniora har vore ein sentral premissegjevar for den dekonstruksjonen av nasjonalstaten som har prega samfunnsendringane dei siste tiåra. Oppbygginga av studieprogramporteføljen ved HF, med disiplinéfaget som den sentrale ramma, må likevel seiest å reflektera den nasjonalstatlege arven.

HF sitt ansvar som kulturforvaltar er sentralt for vidareutvikling av studieporteføljen ved HF. Eit slikt ansvar kan likevel forvaltast på ulike vis. Det er ikkje gjeve at dette berre kan skje innanfor rammene av dei tradisjonelle fagdisiplinane. Det er òg slik at vi – når det er tale om utviklinga av dei humanistiske studiane – må ha blick for utgangspunkt, føresetnadar og forventningar hjå dei studentane som vi rekrutterer. Dei siste tiåra er norsk grunnopplæring sterkt prega av tilpassing til nye kompetansekrav i den såkalla kunnskapsøkonomien. Reformene som har prega grunnopplæringa på 2000-talet – som har nådd ein førebels kulminasjon gjennom fagfornyninga – er nettopp prega av ei orientering mot generiske ferdigheiter, med vekt på kritisk tenking, problemløysing, team-arbeid, at kunnskap og kompetanse kan brukast i nye kontekstar osv. Denne tenkinga byggjer på sterke normative føringar som ein kan vera kritisk til. Det er likevel slik dette representerer ein tilnæringsmåte til kunnskap og læring som vil prega framtidige studentgenerasjonar, noko vi må ta innover oss i arbeidet med programporteføljen vår.

Arbeidet med å vidareutvikla studieporteføljen ved HF er òg ramma inn av måten vi forvaltar ressursane våre på. Den aller viktigaste ressursen er dei som underviser i dei ulike studieprogramma ved fakultetet. Undervisarane ved HF er svært kompetente, og dei strekkjer seg i regelen svært langt for å gje studentane eit best mogleg tilbod. Mellom undervisarane er det òg mange pågåande diskusjonar om korleis ein kan vidareutvikla undervisningskvaliteten på fakultetet. Dette kjem m.a. fram i rapporten *Kva er god undervisningskvalitet*, som var resultatet frå ei intervjuundersøking som vart gjennomført mellom undervisarar ved fakultetet i 2020

(https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/rapport_kva_er_god_undervisningskvalitet.pdf). Men det er likevel all mogleg grunn til å spørja om vi forvaltar desse ressursane på ein føremålstenleg måte. HF tilbyr i alt 64 studieprogram og til saman over 700 emne. Dette er meir enn ved noko anna fakultet ved UiB. Det er både historiske og faglege grunnar til at det er slik ved HF. Men på same tid dokumenterer rapporten frå prosjektet UiB-Fram at HF er det fakultetet ved UiB der dei tilsette føler at dei har minst samanhengande tid til forskning. Dette tyder på at undervisningsressursane ikkje er forvalta på ein berekraftig måte. Ingen ting tyder på at HF vil verta tilført nye ressursar i åra som kjem. Dette inneber i røynda at vi må bruka mindre ressursar på undervisningsverksemda, men sjølvstøtt utan at det går på kostnad av kvalitetsnormene. Utgangspunktet må difor vera at talet på studieprogram og emne som

vert tilbydde ved fakultetet må reduserast og at det må gjerast noko med samansetjinga og oppbygginga av studieprogramporteføljen. Vidare bør vi reisa eit ordskifte om kva kunnskapar og ferdigheiter vi ønskjer å utrusta kandidatane våre med. Eit tredje spørsmål er i røynda om vi stiller for låge krav til studentane våre. Fleire undersøkingar frå dei seinare åra viser at HF-studentane er mellom dei som bruker minst tid på studiane internt ved UiB. Bør vi la studentane sjølv gjera meir av undervisningsjobben? Er dette ein veg å gå når det gjeld å leva opp til krav om studentaktive læringsformer og arbeidsrelevans?

Kva bør vi gjera?

HF ved UiB står overfor fleire strategiske vegval. Når det gjeld utviklinga av studieporteføljen er det avgjerande at vi tek hand om dei aktuelle utfordringane sjølv og i størst mogleg grad forsøker å få til ei utvikling på eigne premisser. Det er ikkje første gong studieporteføljen ved HF er eit tema. Både i 2009 og i 2016 (HF-2018) vart det sett i gang prosessar ved fakultetet med mål om å forenkla studieporteføljen. Både desse prosessane var svært ambisiøse, og ved både høve vart det utarbeidd konkrete forslag til store endringar i programporteføljen ved fakultetet. I både desse prosessane var likeins tilhøvet mellom ein disiplinfororientert og ein temaorientert programportefølje problematisert.

Ingen av desse prosessane gav resultat som på noko vis stod i høve til utgangspunktet eller dei ambisiøse måla dei hadde eller problema dei var meint å løysa. Årsakene til dette er nok mange og samansette: Måla var moglegvis for ambisiøse, prosessane var moglegvis for dårleg forankra internt, det var kanskje ikkje ei felles problemforståing som låg til grunn. Det er likevel på sin plass å trekkja nokre lærdommar frå måten denne problematikken har vorte gripe an ved tidlegare høve. For det første bør ein ta seg tid til å drøfta utgangsspørsmåla: Kva vil ein oppnå reint fagleg med å redusera omfanget av studieprogramporteføljen? I kva grad og på kva måte skal vi innretta studieprogramporteføljen i lys av store samfunnsutfordringar? Er dette ønskeleg? Kva kompetansar representerer studieprogramma ved HF, kva går på tvers av program, kva er partikulært? Korleis skal vi innretta oss for framleis å ivareta måla om forskingsbasert undervisning? Korleis kan vi gjera studieprogramma ved HF meir attraktive? Vidare må ein syta for ei god intern forankring som utgangspunkt, både i leiinga på ulike nivå og i fagmiljøa. Endeleg må ein ha klart føre seg kva kunnskapsgrunnlag ein treng for å gjennomføra endringar i studieprogramporteføljen.

Fakultetet føreslår på dette grunnlaget at det vert sett i gang eit forprosjekt med ei arbeidsgruppe som skal leggja grunnlaget for ein større gjennomgang av studieprogramporteføljen ved HF. Forprosjektet skal utførast i nær dialog med fagmiljøa og leiinga på dei ulike nivåa på fakultetet. Forprosjektet må sjåast i lys av strategiprosessen og arbeidet med å utvikla bemanningsplanen ved fakultetet, og bør munna ut ein rapport i løpet av 2022. Fakultetsstyret vert invitert til å koma med innspel til mandat for forprosjektet. Dekanen får fullmakt til å utforma eit meir detaljert mandat og å setja saman ei forprosjektgruppe.